



Sunnhordlandsambandet AS  
*Ferjefritt til Bergen*

c/o Samarbeidsrådet for Sunnhordland  
Postboks 444  
5403 Stord 21. desember 2016

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863 LEIKANGER

[firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

### **Høyringsuttale til statleg kommunedelplan for E39 Stord-Os**

Med ønske om å styrkja Sunnhordland som ein attraktiv og verdiskapande bu- og arbeidsregion, har Sunnhordlandsambandet AS i ei årrekke vore pådrivar for ferjefri veg mellom Stord og Bergen. Me helsar difor den statlege kommunedelplanen for E39 Stord-Os hjarteleg velkomen som eit viktig steg vidare i realiseringa av dette store og viktige samferdsleløftet for sunnhordlandsregionen, Vestlandet og Noreg.

Når den nye, framtidretta E39 vert lagt gjennom Sunnhordland, er me opptekne av å få best mogleg regional og nasjonal effekt ut av vegkronene. Me er difor uroa for dei langsiktige konsekvensane av forslaget om å nytta det midtre alternativet for brukryssinga mellom Stord og Tysnes. Etter vårt syn, har ei sørleg kryssing av Langenuen – mellom Jektevik i Stord og Hodnanes i Tysnes – størst potensiale for å gje regionen best totaleffekt av den nye kyststamvegen. Den effekten kan oppnåast utan nemneverdig innverknad på reisetida nord-sør langs E39.


På oppdrag frå Sunnhordlandsambandet utarbeidde Norconsult i 2015 rapporten «Kryssing av Langenuen og utviklinga i Sunnhordland». I samandraget skriv dei følgjande:

«Av dei to alternative kryssingsframlegga med bru over Langenuen, vil det sørlege alternativet vere mest gunstig for Sunnhordland.» <sup>1)</sup>

I høyringsframlegget for kommunedelplanen for Stord-Os peiker også Statens vegvesen på at ein trase med sørleg kryssing gjev best lokal- og regional verknad:

«Alt. F er vurdert litt betre enn dei andre alternativa, spesielt med kryss på Økland.» <sup>2)</sup>

Til den vidare handsaminga av planframlegget, ønskjer me å peika på følgjande argument for ei sørleg kryssing mellom Stord og Tysnes:



- Å leggja E39 over sørspissen på Tysnes gjev det beste utgangspunktet for i framtida å kopla dei to største arbeids- og busetningskommunane i Sunnhordland, Kvinnherad og Stord, tettare saman. Dette vil skje gjennom eit nytt, raskare og betre samband over Husnesfjorden.  
Betre kommunikasjon mellom indre og ytre Sunnhordland er særskilt viktig, og kan leggja til rette for auka pendling, verdiskaping for heile Sunnhordlandsregionen og folkevekst på Vestlandet.
- Ifølgje Norconsult gir ein kombinasjon av sørleg kryssing og eit potensielt fastsamband over Husnesfjorden 12 minutt kortare reisetid mellom Leirvik og Husnes, samanlikna med om E39 kryssar Langenuen langs midtre alternativ. Kortast mogleg reisetid er positivt for integreringa av den felles bu-, arbeids- og servicemarknaden, og kvart minutt tel.
- Ein betre integrert bu- og arbeidsmarknad vil gjera Sunnhordland meir robust mot svingingar i dei konkurranseutsette næringane som pregar regionen. Dersom svikt i ei næring rammar ein kommune særleg hardt, kan dette lettare motverkast gjennom auka pendling til andre kommunar eller ut av regionen.

Tilrådinga frå Statens vegvesen, som ligg til grunn for planen som no er til høyring, er basert på «ei vurdering av kostnader og konsekvensar», der E39 som hovudåre på Vestlandet har hatt fokus. Tilknytning til Kvinnherad har ikkje vore eit særskilt tema i desse vurderingane. Det meiner me er lite framtidsretta i eit så stort og viktig prosjekt.

Statens vegvesen har sjølv poengtert at utviklinga av E39 er eit viktig strategisk grep for å skapa ein sterk region på Vestlandet:

«I Nasjonal transportplan 2002-2011 er difor utviklinga av E39 Kyststamvegen framheva som eit strategisk grep for å skapa ein sterk region på Vestlandet. Dette er seinare også vektlagt spesielt i Vestlandsrådet si handsaming av Nasjonal transportplan for 2006-2015 og i siste Nasjonal transportplan 2010-19 og i forslaget til Nasjonal transportplan 2014-2023.» <sup>3)</sup>

Slik me ser det, vil ei sørleg kryssing av Langenuen gje eit endå betre utgangspunkt for å bygga denne sterke vestlandsregionen – gjennom ei styrking av Sunnhordland som ein endå meir integrert, attraktiv og verdiskapande bu- og arbeidsregion. Ved å velja sørleg kryssing mellom Stord og Tysnes kan me altså leggja til rette for ein endå større samfunnseffekt av nye E39 – noko som vil gagna både Sunnhordland, Vestlandet og resten av Noreg!

Sjå også gjerne informasjonsfilmen me har fått laga for det sørlege alternativet:

<https://vimeo.com/173336863>

For Sunnhordlandsambandet AS,



#### **Følgjande støttar vårt ønskje om bru i sør:**

- Kvinnherad kommune
- Stord kommune
- Tysnes kommune
- Bømlo kommune
- Stord Næringsråd
- Kvinnherad Næringssservice
- Tysnes Næringsråd (Tysnes)
- Advantec (Stord)
- Alsaker Fjordbruk (Tysnes)
- Bremnes Seashore (Bømlo)
- Eide Marine Services (Kvinnherad)
- Hydro Husnes (Kvinnherad)
- Windsor Door (Tysnes)
- Fronta (Stord)
- HMR Group (Kvinnherad)
- Olvondo Industries (Bømlo)

#### *Referansar:*

1) «Kryssing av Langenuen og utviklinga i Sunnhordland», side 2. ISBN: 978-82-7827-060-8  
(Vedlagt høyringsuttalen)

2) «Statleg kommunedelplan med konsekvensutgreiing E39 Stord-Os, høyringsframlegg, side 8.

3) <http://www.vegvesen.no/Europaveg/e39rogfast/Fakta/E39+Kyststamvegen>